



Møtereferat

Dato: 7. des. 2020

Type møte: Avklaringsmøte KDP E39

Tid og stad: Skypemøte kl. 13:00-15:00

Møteleiar: Marte Hagen Eriksrud

Bakgrunn: Alver kommune inviterte Statens vegvesen til møte for diverse avklaringer knytt til pågåande arbeid med kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen

Til stades:

Frå Alver kommune: Sara Sekkingstad, Malin Helene Knudsen, Hogne Haugsdal, Arne Eikefet, Marianne Aadland Sandvik, Ingrid Raniseth og Marte Hagen Eriksrud.

Frå Statens vegvesen: Åge Hillestad (deler av møte), Gunn Cecilie Omre, Eivind Kvarekvål, Ingelin Garen og Sindre Lillebø.

1. Innledning ved Alver kommune

2. Reguleringsplan Framo Flatøy

Bakgrunn: Det er gjennomført dialogmøte, med konklusjon om at planarbeidet må settes på vent til KDP E39 er vedtatt. Ei utsetjing av denne detaljplanen er kritisk for Framo Flatøy og for Alver kommune. Alver kommune ønskjer å avklare kva som skal til for at Svv, Alver kommune og Framo Flatøy kan iverksette ein dialog om aktuelle endringer i planen.

Moment i møte: Svv har vært i dialog med Framo Flatøy. Svv og Alver kommune er samd i at det sentrale for Framo Flatøy er realisering av den delen av planen som ikkje direkte vert berørt av KDP E39. Ulike alternativ til løysingar vart drøfta; innskrenking av planområdet til reguleringsplanen, rekkefølgekrev om at dei delane av planen som vert rørt av KDP E39, ikkje kan realiserast før etter vedtak av KDP E39, båndleggingssone E39 inn i reguleringsplanen. For Framo Flatøy er det avgjerande at vidare dialog i saka skjer så fort som mogleg. Framo Flatøy har signalisert at dei vil kunne måtte flytte vekk aktivitet, om ein ikkje får ei rask avklaring.

Konklusjon: Svv er villige til å gå i dialog med Alver kommune. Alver kommune vil invitere til møte over nyttår. Alver kommune avgjer om også Fylkesmannen og Vestland fylkeskommune skal bli invitert.

3. Båndlegging av areal i vedtatt KDP E39 og konsekvens for Alver kommune

Bakgrunn: Ved vedtak av KDP E39 vil planen båndlegge areal i påvente av detaljregulering. Alver kommune ønskjer meir informasjon om omfang av båndleggingssona og kva krav som vil gjelde innanfor båndleggingssona.



Moment i møte: Alver kommune oppfordrar Statens vegvesen til å ta hensyn til dei samfunnsmessige konsekvensene av båndlegginga. For Alver kommune er det avgjørende at ein vedtatt kommunedelplan for E39 ikkje stopper opp utviklinga for sentrale områder i lang tid. Aktuelle eksempel: Framo Flatøy, Regionsenter Knarvik og Eikanger næringsområde. Statens vegvesen viser at at fastsetting av båndleggingssona er i prosess.

Konklusjon: Fastsetting av omfang og krav innanfor båndleggingssona er i prosess. Alver kommune ønskjer ein gjennomgang av bandleggingssone før planforslag blir sendt over til kommunen.

4. Eikanger næringsområde

Bakgrunn: Svv har uttrykt ønskje om å justere linjene og kryssløysning for dette området. Etter prosjektgruppemøte 20. nov ble det avklart at Norconsult skulle utarbeide eit notat om saken, og foreløpig konklusjon var at justering av linjene bør først skje etter 1. gangs høring. Da vil ein ha ein heilheitleg oversikt, skal at ein kan gjere ei justering som tar omsyn til fleire tema/områder.

Moment i møte: Alver kommune ønsker å legge ut på høyring det alternativet som er mest realistisk. Gjeldande linjeføring er problematisk. Eikanger næringsområde er i utvikling, og kommunen mottar søknader om frådeling og tiltak. Næringsområdet er viktig for Alver kommune. Statens vegvesen viser til ønskje om å utsette flytting av linjene til etter 1. gangs høyring, slik at justering av linjene først vert gjennomført, når ein har ein meir samla oversikt.

Konklusjon: Alver kommune oppfordrar Statens vegvesen om å justere linjene no før oversending av planforslaget til kommunen. Det er ein risiko for at denne løysinga ikkje blir godtatt når saka kjem til politisk handsaming i kommunen, fordi ein ikkje er trygg på at omsynet til Eikanger næringsområde er godt nok sikra. Statens vegvesen viser til at Norconsult skal utarbeide eit tilleggssnotat som skal skildre handlingsrommet ved Eikanger næringsområde, og ulike løysingar vert vurdert.

5. Videre prosess

Bakgrunn: Gjennomført møte i samordningsgruppa 27. november 2020.

Moment i møte: Alver kommune ønsker nytt møte i samordningsgruppa før oversending av planforslaget til Alver kommune. Alver kommune ønskjer at prosjekteigar er representert i desse møtene. Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen gav signal i møte 27. november om at det er ønskje om møte for meir detaljert gjennomgang av planforslaget, når alt materiale foreligger samla.

Konklusjon: Statens vegvesen gav attendemelding om at eit slikt møte tidlegast kan gjennomførast etter 18. januar 2021. Det er Statens vegvesen som avgjør tidspunkt for neste møte i samordningsgruppa.